



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.06.2019  
Vår ref.: 2019/12141-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om nydyrkning - gnr. 209, bnr. 3 - Høyland - Lindås

Me viser til brev datert 28.05.19 og tilleggsinformasjon mottatt 13.06.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld nydyrkning på gnr. 209, bnr. 3 i Lindås kommune.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein i forbindelse med nydyrkninga søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføringa av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingssyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført så raskt som råd etter at me har mottatt melding om mogleg funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.